



Saksframlegg

Utv.saksnr	Utvalg	Møtedato
50/14	Formannskapet	03.09.2014
60/14	Kommunestyret	07.10.2014

Etablering av kommunal tilskotsordning til fiberutbygging

Rådmannen si innstilling:

Formannskapet godkjenner vedlagte reglement for støtte til fibertilknytning i Bygland kommune.

Saksprotokoll i Formannskapet - 03.09.2014

Handsaming:

Rådmannen orienterte

Framlegg frå Ordførar: Ein går for innstillinga og saka vert sendt vidare til kommunestyret for handsaming.

Røysting: Samrøystes

Vedtak:

Formannskapet godkjenner vedlagte reglement for støtte til fibertilknytning i Bygland kommune. Saka vert sendt vidare til kommunestyret for handsaming.

Saksprotokoll i Kommunestyret - 07.10.2014

Handsaming:

Endringsframlegg frå ordførar: Ein sender forslaget tilbake til administrasjonen før kommunestyret fattar endeleg vedtak. Kommunestyret peiker spesielt på:

- Ta ut ordet «dugnad» og set inn ordet «eigenandel» i staden.
- Administrasjonen vurderer på ny tilskotsgrensa på 10 000.
- Ein bør ta ei vurdering i høve næringsdrivande i reglementet.
- Satsane på meterpris på grøftegraving.

Røysting: Ordføraren sitt endringsframlegg blei samrøystes vedteke.

Vedtak:

Ein sender forslaget tilbake til administrasjonen før kommunestyret fattar endeleg vedtak. Kommunestyret peiker spesielt på:

- Ta ut ordet «dugnad» og set inn ordet «eigenandel» i staden.
- Administrasjonen vurderer på ny tilskotsgrensa på 10 000.
- Ein bør ta ei vurdering i høve næringsdrivande i reglementet.
- Satsane på meterpris på grøftegraving.

SAKSUTGREIING

Kommunestyret har i budsjettet for 2014 avsett kroner i 400000,- til utbygging av fiber som ein føreslår bruka til ei tilskotsordning. Nabolag/grendelag langs fibertraseane, som i dag ikkje kan bli tilknytte av kostnadmessige grunnar, kan oppnå dette gjennom samarbeid, dugnad og kommunalt tilskot.

Ordninga må vere enkel, oppmuntre til dugnad og samarbeid mellom naboar, og nå mange.

Bakgrunn for saka

Kommunestyret har satsa stort på utbygging av fiber i Bygland kommune. Kommunen har bygt fleire hovudtrasear og omtrent alle kommunale tilhaldsstader er knytt saman via fiber. Innbyggjarar som bur tett attmed hovudlinene har fått tilbod frå leverandøren om fibertilknytning av sine eigedomar. (Det står enno att område som ikkje har fått tilbod). Tilknytning har til no skjedd på forretningsmessig grunnlag utan kommunal medverknad.

Det er mange eigedomar/bustader i områder langs fibertraseen, som ikkje får tilbod om tilknytning fordi avstanden er for stor, og kostnadane difor overstig den grensa som leverandøren dekker.

Kommunestyret har avsett kr. 400000 til vidare fiberutbygging i 2014. Det er ynskjeleg å bruke midlane slik at fleire områder/nabolag langs fibertraseen skal kunne få fiber helt fram til huset. For å oppnå dette føreslår vi no ei støtteordning som inneberer at om bebuarar i eit område medverkar med dugnad/eigenandel, vil også kommunen yte tilskot.

Rådmannens vurdering:

Det legg no fram eit enkelt regelverk for politisk handsaming. Øvrige tilhøve føreslår ein delegert til rådmannen. Dersom ein skal dispensere frå kravet til fast busetnad eller den øvre kostnads grensa vil det bli handsama som politisk sak.

Forslaget fangar opp dei ulike omsyn på ein god måte. kvart prosjekt blir eit samarbeid mellom oppsittarar og leverandør, og kommunen sin rolle blir å løyve og utbetale tilskot i tråd med reglane.

Ordninga inneberer at en rekkje områder langs traseane vil få vurdert om det er mogeleg kostnadmessig å framføre fiber til eigedomane. Ordninga set også krav til leverandøren sin kapasitet, og ein må forvente at det vil take tid å gjennomføre dei ulike prosjekta.

Innhald i ordninga:

Formål og kven ordninga gjeld for er greitt skildra.

Kriteria set krav om eit formalisera samarbeid med leverandør, og at det ordninga gjeld for er framføring av fiber heilt fram til den enkelte eigedom. Leverandøren dekker anleggskostnader pr. abonnent på inntil 15.000 kroner. Nedre beløpsgrense på 20.000 kroner for tilskot inneberer at om prosjektet inkl. dugnad/eigenandel ikkje overstig dette beløpet så må dei som deltek dekke dette utan tilskot frå kommunen.

Det betyr at enkelte områder der bebuarar ikkje har fått tilbod, ved ein gjennomgang av prosjekta vil kunne gjennomføre utbygging utan kommunalt tilskot.

Avsnittet om **størrelse på tilskotet** forklarar både dette og korleis det reknast ut.

Dei to fyrste kulepunktta er å rekna som greie. Ingen merknader til desse.

Når det gjeld maksimalt tilskot pr. husstand/abonnent, så bør det vurderast nøye.

Vurderinga av dette går som fylgjande: Skal tilskotet fordelast på flest mogelege husstandar – som bur forholdsvis nær fibertraseen – eller skal ein velje å nå lenger ut frå hovedtraseen og fordele midlane på nokre færre husstandar. Det bør mogeleg setjast opp fleire rekneeksemplar som kan vise dette.

Satsar for dugnadsverdi tykkjest greie. Ingen merknader

Utbetaling av støttebeløp har eg heller ikkje merknader til. Tilskotet vil vere momsfritt, så lenge det ikkje framstår som betaling for arbeid utført for kommunen.

Ein bør fortløpande vurdere korleis den slår ut, og om den blir omfatta med forventa interesse.

Det vil vere ein rekkje andre spørsmål knytt til saka, bl.a. kva som må føreligge av opplysningar og dokumentasjon i samband med søknad om tilskot, informasjon til søkjaren, søknadsskjema og tilhøve omkring utbetaling av tilskot. Ein meiner dette bør klargjerast administrativt etter at ordninga er vedteken politisk.

Bygland, 17.11.2014

Rådmann

Vedlegg:

1. Forslag til reglement